



DEN NORSKE KYRKJA

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Barne- og familiedepartementet, Forbruker-,
tros- og livssynsavdelingen
Postboks 8036 Dep
0030

Dato: 07.10.2020

Vår ref: 20/05486-3 BMNR

Dykkar ref:

HØYRINGSUTTALE FRÅ VAKSDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD I SAMBAND MED FORSLAG TIL NY FORSKRIFT OM ØKONOMIFORVALTNINGA I SOKN I DEN NORSKE KYRKJA

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd har i møte torsdag 5. September handsama forslag til ny forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske Kyrkja.

Fellesrådet gir slik uttale til høyringa:

1. Det er positivt at sokna fortsatt skal vera underlagt god kommunal regnskapsskikk. Det er av betydning for effektiv kommunikasjon og godt samarbeid med dei enkelte kommunane at Den norske Kyrkja følger god kommunal regnskapsskikk.
2. Forskrifta er ikkje klar nok i høve til kven forskrifta gjeld: Bruken av «soknets organer» er lite gjennomtenkt og til dels uryddig.
3. Om det i det heile er naudsynt med ny forskrift før den nye kyrkjeordninga er avklart, bør det i minste gjerast klart at dette er ei førebels forskrift som vil bli oppdatert så snart den nye Kyrkjeordninga er avklart og etablert.
4. Forskrifta bør redigerast slik at dei overordna retningslinjene står i sjølv forskrifta (ansvar og tidsfrister) som paragrafar, mens dei rekneskapstekniske detaljane er lista opp i eit Rekneskapsteknisk Vedlegg/Tabell i forskrifta. Regnskapstekniske definisjoner bør skrivas klårare og meir presist.

Med helsing

Lars Patterson
Leiar kyrkjeleg fellesråd

Bjart-Magnus Ndogo Rosvold
Kyrkjeverje

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Barne- og familiedepartementet, Forbruker-, Postboks 8036 Dep 0030
tros- og livssynsavdelingen